

SMU-møte og SU-møte måndag 24.04.2023

Desse møtte: Kristina Kihle Vik, Marius Vøllestad, Per Willy Setane, Mette Haugstøyl, Elise Schalla Haugsjå, Isak Berggren, Håkon Matre og Karin van Zijp

Saksliste SU og SMU:

1. status skuleturar

Alt skal vere i rute.

2. status 17. mai-gruppa:

Rektor har ikkje høyrte noko om lån av skulebygget.

Lydmann er på plass.

Alt skal vere i rute.

3. Informasjon frå rektor:

Skulebygningane og arbeidet med renovering; Arkitektane og skulen har jobba med planteikningane. Dette kom på 68 millionar kroner. Det er ikkje pengar til dette. Grensa blei då 30 millionar kroner.

Dersom plan 1 skal gjennomførast, må administrasjon og mur-bygget vente med oppussing. Då blir ungdomsskulen, paviljongen, ferdig. Trinn 2 må då vente i beste fall i fem år.

Uteområdet skal prioriterast i trinn 1.

Det er ønskeleg å gjere noko ordentleg, å ikkje lappe på eksisterande bygg.

Dette forslaget skal til politikarane.

4. PC til elevane på ungdomsskulen

Alle elevane har fått dette no, sjølv om ikkje alle har fått heilt nye maskinar.

5. Informasjon om skuleruta 2023-2024

Skulestart, måndag 21. august

Siste skuledag, fredag 21. juni

Fredag 3. november, avspaseringsdag for elevane

6. tilsettingar og undervisningstilbod

Til neste år kjem det mange nye lærarar, 7 stk. er heilt nye i kollegiet.

7. Resultat frå elevundersøkinga

Resultatet frå Nasjonale prøver har vore fantastiske.

Elevundersøkinga:

Trivsel 3,9

Støtte frå lærarar 4,0

Støtte heimanfrå 4,3

Vurdering for læring 3,6

Læringskultur 3,9

Mestring 3,8

Motivasjon 3,4

Elevdemokrati og medvirkning 3,6

Felles regler 4,3

Utdanning og yrkesveiledning 3,5

Faglig utfordring 4,1

8. Evaluering av sterk og klar

Fokuserer på ungdom og td bruk av rusmidlar. Fokus på føresette. Mange møtte opp på foreldremøtet førre veke. Det var eit godt foredrag og opplegg denne kvelden.

9. Eventuelt:

Skulen har fått 300 000 kr til bruk på uteområdet.

Det er bestilt 9 benkar, basketballstativ og nye ballar til kvar klasse.

Skulen har fått 110 000 frå «liv og røre», til kantina.

Referent, Karin van Zijp